




Bremanger
kommune

Bremanger.kommune.no
Retningslinjer for Startpakke til nytilsette i
kommunale stillingar

Retningslinjer for Startpakke til nytilsette i kommunale stillingar

Vedteke i kommunestyret 17.12.2024,
sak KST-104/24



Vi skal utvikle ein endå meir effektiv
kommune-organisasjon som er tilpassa
folketal, demografi og økonomi.

– Kommuneplanen sin samfunnsdel 2021–2033



Innhald

Føremål	3
Tilskotet	3
Målgruppe	3
Vilkår	4
Utbetaling	4
Sakshandsaming	4
Rapportering	5
Revidering/avvikling av ordninga	5
Iverksetjing	5



Føremål

Tilskotsordninga skal stimulere til rekruttering og tilflytting til Bremanger kommune.

Tilskotet

Startpakka består av eit årleg tilskot på kr. 30 000,- i inntil fem år, totalt kr. 150 000,-.

Målgruppe

Tilskotet vert utdelt til nyttilsette i Bremanger kommune som vert eller er folkeregistrert i Bremanger kommune.

Vilkår

- Det årlege tilskotet føreset 100% stilling. Ved deltidsstilling vert tilskotet avkorta tilsvarande.
- Tilskotet gjeld tilsetting i fast stilling.
- Ein arbeidstakar kan berre bli omfatta av tilskotet ein gong.

Utbetaling

Tilskotet vert utbetalt som gåve når arbeidstakar har vore tilsett i kommunen i eitt år, to år, tre år, fire år og fem år.

Sakshandsaming

Nytilsette som stettar vilkåra for tilskotet kjem automatisk inn under ordninga.



Rapportering

Bruk av ordninga skal rapporterast i samband med ordinær økonomirapportering i tertialrapportar og årsmelding.

Revidering/avvikling av ordninga

Kommunen kan etter vedtak i kommunestyret endre eller avskaffe ordninga.

Dette skal varslast i god tid, minimum eitt år før endringa trer i kraft.

Ved endring eller avskaffing, har tilsette som alt er omfatta av ordninga rett på tilskot i til saman fem år.

Iverksetjing

Ordninga vert sett i verk 01.01.2025.



**Bremanger
kommune**